



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Førde - Scandic Sunnfjord Hotel og Spa</b>
<b>Møtedato</b>	<b>19.06.2019</b>
<b>Kl.</b>	<b>13:05 – 14:30</b>

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp (berre til stades ved handsaminga av skriv 5 og 6 i sak 65/19)**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**

**Forfall til møtet:**

**Gunhild Berge Stang, V**

**Varamedlemmer til stades:**

**Marita Gunn Aarvik, FrP**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesrådmann Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Hilmar Høl til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Fylkesutvalet handsama sakene i den rekkjefølgja som framgår under, med unntak av at sak 65/19 var handsama til slutt.

*Munnlege orienteringar og avklaringar:*

1. Fylkesrådmannen legg fram eit inviterande notat for fylkesutvalet 28. august om opplegget for fylkestingsseta 10. desember.
2. Fylkesrådmannen orienterte om utbetaling av utbyttet frå Sogn og Fjordane Energi AS for 2018 til Sogn og Fjordane Holding AS og vidare til fylkeskommunen.

## **SAK 61/19 Møteplan 2019 - endringar**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Møte i fylkestinget 3. og 4. desember vert flytta til 10. desember.  
Møte i fylkesutvalet 2. desember vert også flytta til 10. desember.  
Møte i fylkesutvalet 31. oktober går ut.  
Alle desse endringane gjeld tida etter konstitueringa i Vestland fylkeskommune.
2. Hovudutvala og andre utval vurderer - i lys av punkt 1 over - eventuelle endringar i eigne møteplanar.

### **Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** gjorde framlegg om at politikardagane 30. september og 18. november går ut. Det vert sett opp politikardag 7. oktober.

### **Avrøysting:**

Fylkesrådmannen sitt framlegg og endringsframlegget frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Møte i fylkestinget 3. og 4. desember vert flytta til 10. desember.  
Møte i fylkesutvalet 2. desember vert også flytta til 10. desember.  
Møte i fylkesutvalet 31. oktober går ut.  
Alle desse endringane gjeld tida etter konstitueringa i Vestland fylkeskommune.
2. Hovudutvala og andre utval vurderer - i lys av punkt 1 over - eventuelle endringar i eigne møteplanar.
3. Politikardagane 30. september og 18. november går ut. Det vert sett opp politikardag 7. oktober.

-----

## **SAK 62/19 Opplæringskontoret offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS) - utkast til vedtekter for det nye samvirkeføretaket**

### **VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet godkjenner vedtektene slik dei er lagt fram.
  2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å vurdere og innarbeide mindre endringar i vedtektene, etter at høringsrunden er avslutta.
- 

## **SAK 63/19 Eigarstyring - Trivselshagen IKS - alternative organisasjonmodellar**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tinge med Gloppen kommune om ein alternativ organisasjonsmodell med sikte på å oppløyse selskapet, dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at styret i selskapet fortset sitt arbeid med å gjennomføre tilrådde tiltak i rapport frå Vidsyn Rådgjeving AS av 1. desember 2018
3. Kostnader til utgreiingsarbeidet og bistand i forhandlingsprosessen vert å innarbeide i budsjettrapport pr. 2. tertial 2019.

----//----

Fylkesutvalet fann Sigurd Reksnes inhabil til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

**Endringsframlegg:**

Fylkesutvalet gjorde framlegg om å leggje til «... med frist til 15. august 2019» i slutten av pkt. 2.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen sitt framlegg og fylkesutvalet sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tinge med Gloppen kommune om ein alternativ organisasjonsmodell med sikte på å oppløyse selskapet, dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at styret i selskapet fortset sitt arbeid med å gjennomføre tilrådde tiltak i rapport frå Vidsyn Rådgjeving AS av 1. desember 2018 med frist til 15. august 2019.
3. Kostnader til utgreiingsarbeidet og bistand i forhandlingsprosessen vert å innarbeide i budsjettrapport pr. 2. tertial 2019.

-----

**SAK 64/19      Campus Førde verftet AS - vedtekter**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Forslag til vedtekter for Campus Førde verftet AS vert godkjende.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre selskapetableringa, dvs. godkjenne aksjekjøpsavtale og aksjonærvtale frå fylkeskommunen si side, og utbetale påtenkt løyving etter søknad frå selskapet.
3. Fylkesrådmannen representerer selskapet på generalforsamlinga.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune sine to tilrådde styrerepresentantar vert:

Medlem: .....  
Varamedlem: .....

Medlem: .....  
Varamedlem: .....

**Framlegg:**

Til pkt. 4 i tilrådinga gjorde fylkesutvalet slikt framlegg:

Medlem: Jakob Andre Sandal  
Varamedlem: Karianne Torvanger

Fylkesrådmannen får fullmakt til å nominere ein styremedlem og ein varamedlem.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen sitt framlegg til pkt. 1 – 3 og fylkesutvalet sitt framlegg til pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Forslag til vedtekter for Campus Førde verftet AS vert godkjende.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjennomføre selskapsetableringa, dvs. godkjenne aksjekjøpsavtale og aksjonæravtale frå fylkeskommunen si side, og utbetale påtenkt løyving etter søknad frå selskapet.
3. Fylkesrådmannen representerer selskapet på generalforsamlinga.
4. Fylkesutvalet nominerer Jakob Andre Sandal, med Karianne Torvanger som varamedlem, som den eine av Sogn og Fjordane fylkeskommune sine to styrerepresentantar. Fylkesrådmannen får fullmakt til å nominere éin styremedlem og éin varamedlem.

-----

**SAK 65/19      Skriv og meldingar fylkesutvalet 19. juni 2019.**

**Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 1:      Brev frå KD datert 07.06.19 - Invitasjon til fylkeskommunene - drøftingsmøter av oppgavedeling på kulturområdet
- 2:      Brev frå OED datert 28.02.19 - Bestilling om utredning av virkemidler for utjevning av nettleie
- 3:      Brev frå SD datert 11.06.19 - NTP 2022-2033 Invitasjon til møte om utfordringar
- 4a:     Brev frå Eid kommune datert 07.06.19 – Sak om skuleskyss Haugen
- 4b:     Skuleskyss på farleg riksveg
- 5:      Fellesbrev til fylkeskommunane om Hurtigbåtanbod
- 6:      Fråsegn om fylkeskommunen sine «forhandlingar» med BKK.

**VEDTAK:**

**Fråsegn om Sogn og Fjordane fylkeskommune sine «forhandlingar» med BKK**

Dei siste dagane har det vore nokre medieoppslag om forhandlingar mellom fylkeskommunen og BKK om mogleg utkjøp av BKK frå Sogn og Fjordane Energi AS (SFE). Fylkesutvalet vil her klargjere nokre sider av saka som har vore feil eller for einsidig framstilt.

Søndag ettermiddag, 16.06.19, valde BKK å avlyse eit forhandlingsmøte som var avtala i Oslo dagen etter. BKK orienterte media om dette før fylkeskommunen vart orientert. Konsernsjefen i BKK, Jannicke Hilland, valde i tillegg å gå ut med opplysningar frå ein konfidensiell forhandlingsavtale av 28.01.19. Fylkesutvalet stiller seg undrande til dette.

BKK er i dag den nest største eigaren i SFE med i underkant av 37 % av aksjane. Fylkeskommunen er – gjennom holdingselskapet Sogn og Fjordane Holding AS – den største eigaren med ein eigarpost på knapt 50 %. Dei to største eigarane har over tid vore usamde om strategiske vegval for SFE, som t.d. SFE sin utbyttepolitikk, fusjonen med Sunnfjord Energi AS og etableringa av eit eventuelt Vestlandskraft. Vi har og merka oss at BKK enno ikkje har nytta høve til å tilføre SFE kapital med basis i emisjonen av 2017.

I november 2017 informerte BKK fylkeskommunen om at selskapet var villig til å forhandle nærmare med fylkeskommunen om å tre ut av SFE. BKK sette som absolutt premiss for forhandlingane at delar av vederlaget for selskapet sin aksjepost skulle vere i form av kraftverk.

Fylkesutvalet har heile tida sett på dette kravet som problematisk, ikkje minst på bakgrunn av at styret i SFE har stilt seg negativt til å avhende kraftverk. På bakgrunn av den ovannemnde strategiske usemje opna fylkesutvalet i møte i februar 2018 likevel for å forhandle med BKK med sikte på at selskapet skulle gå heilt ut av SFE. Ei eventuell forhandlingsløyising skulle leggjast fram for fylkestinget for godkjenning.

I januar 2019 vart det inngått ein forhandlingsavtale, dvs. ein avtale om prosessen fram mot å inngå ein eventuell endeleg transaksjon. Denne avtalen var bindande til 17.06.19. Reelle forhandlingar kom aldri i gang. Etter fylkestinget 4. og 5. juni, der ein gjorde vedtak om at fylkestinget i ekstraordinært møte 26.06.19 skulle ta stilling til ein eventuell transaksjonsavtale, gjorde fylkeskommunen fleire forsøk på å få i stand forhandlingsmøte med BKK. Møtetidspunkt vart avtalt, men i veka etter pinse utsette BKK dette heilt til 17.06.19, som var fristen for å inngå ein avtale. Dagen før, 16.06.19, avlyste BKK også dette møtet. Ein valde i staden å prioritere media.

Jannicke Hilland har i ettertid opplyst at BKK venta heilt til 16.06.19 med å leggje avtalen bort fordi «fylkestinget 5. juni vedtok ein eigarskap i SFE som tek vestlandsperspektivet meir i vare enn det tidlegare hadde vore lagt opp til». Dette er feil, og fylkesutvalet stiller seg uforståande til dette. Det har heilt sidan før fylkeskommunen tok ut søksmålet mot BKK vore ein uttrykkeleg føresetnad at Vestland fylkeskommune skal ha «bestemmande innflytelse» i holdingselskapet, og det har og vore ein heilt grunnleggjande premiss for både eigne vedtak og dommane frå ting- og lagmannsretten.

Fylkesutvalet viser elles til fylkestinget sitt vedtak i sak 35/19 om fordeling av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS på kommunane i Sogn og Fjordane. Då det ikkje vart semje om ein transaksjonsavtale med BKK, vil pkt. 1 – 4 i dette vedtaket verte gjennomført. Dette vil kome kommunane i fylket til gode.

---

## **SAK 66/19      Tannhelsetenesta - Kjøp av eigedom på Eid**

### **VEDTAK:**

1. Fylkeskommunen kjøper tannklinikken, gnr/bnr 44/533 og tilstøytande areal/tomt, gnr/bnr 44/605 på Eid for samla sum på 7,1 mill. kr + omkostningar. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere endeleg avtale.
  2. Kjøpet vert finansiert innanfor vedtekne budsjетtrammer.
-